

Saksbehandlar: Jo-Andreas Lunde Meisfjordskar, Nærings- og kulturavdelinga
Sak nr.: 16/1608-3

Regionale utviklingsmidlar 2016 - fordeling 2

::: Sett inn innstillingen under denne linja ↓

Fylkesdirektøren for næring og kultur rår hovudutvalet for næring og kultur til å gjere slikt vedtak:

1. Bergen matfestival 2016 får avslag på søknaden om støtte.
2. Sogn og Fjordane fylkeskommune ser det som viktig at det snarleg vert utarbeidd eit økonomisk grunnlag som synleggjer kostnadane med bygging og utrusting av eit nytt opplæringsfartøy. Fylkeskommunen gjev eit tilskot på 200 000 kr for å gjennomføre arbeidet med å prosjektere eit nytt opplæringsfartøy og få ein kvalitetssikra pris frå verft på kostnadane. I prosjektet skal representantar frå oppdretts- og fiskerinæringa, personell frå kokkelinja og frå andre relevante bransjar trekkast inn i prosessen for å sikre den rette infrastrukturen og dei fysiske fasilitetane om bord til skipet sine planlagde føremål.
3. Opplæringsfartøy AS får 200 000 kr til prosjektering av nytt opplæringsfartøy.
4. Sogn og Fjordane fylkeskommune nyttar restmidlar frå tidlegare prosjekt og avsette midlar i 2016 til regional medfinansiering av breibandprosjekt i 2016, totalt 2,3 mill. kr.
 - a. Fylkesrådmannen får fullmakt til å fordele tilgjengelege breibandmidlar.
 - b. Hovudutval for næring og kultur skal regelmessig informerast om status i breibandutbygginga i fylket.
5. Njøs næringsutvikling AS får eit tilskot på 75 000 kr. til prosjektet «Nye frukt- og bærekulturar» for 2016.
6. Fjordkonferansen vert støtta med 100 000 kr samla for åra 2016 og 2017.
7. Sunnfjord Næringsutvikling vert støtta med 300 000 kr til finansiering av Tour des Fjords Sogn og Fjordane 2017.
8. Forum for natur og friluftsliv (FNF) vert støtta med 180 000 kr i 2016. Eventuell støtte for dei komande åra vert å kome attende til på grunnlag av søknad.
9. Solund kommune får avslag på søknad om tilskot til prosjektet «Overvaking av havørn ved oppdrettsanlegg – forprosjekt».
10. Sogn og Fjordane fylkeskommune løyver 2,5 mill. kr til «Utviklingsavtale 2016 mellom Høgskulen i Sogn og Fjordane – Vestlandsforskning – Sogn og Fjordane fylkeskommune»
11. 4H Sogn og Fjordane vert støtta med 70 000 kr til arrangementet Barnas Matfestival.
12. Norges Vel får avslag på søknad om tilskot til etablering av eit Economusee i Balestrand.
13. Mo og Øyrane vidaregåande får støtte til:
 - a. kurset «Grunnleggande kurs i arbeidsmiljø, ansvar og konsekvensar» med 17 600 kr.
 - b. kurset «Masseforflyttingsmaskin» med 23 400 kr.
14. Tilskota vert finansiert slik:

- a. Tilskot til Opplæringsfartøy AS vert dekket med disponible restmidlar frå tidlegare år.
- b. Tilskotet til Njøs næringsutvikling AS vert dekket med midlar sett av til næringsretta tiltak innan landbruk i budsjett 2016, tenesteområde 7012.
- c. Tilskotet til Fjordkonferansen vert dekket med restmidlar frå 2015 sett av til tenesteområde 7018 kunnskap.
- d. Tilskotet til Tour des Fjords vert dekket med midlar frå infrastruktur i reiselivet.
- e. Tilskotet til Forum for natur og friluftsliv (FNF) vert dekket over budsjett 2016, tenesteområde 7164 friluftsliv.
- f. Løyvinga til «Utviklingsavtale 2016 mellom Høgskulen i Sogn og Fjordane – Vestlandsforskning – Sogn og Fjordane fylkeskommune» vert dekket over budsjett 2016, tenesteområde 7018 Kunnskap
- g. Tilskotet til Barnas Matfestival vert dekket over budsjett 2016, tenesteområde 70146 landbruk.
- h. Tilskotet til kursa «Grunnleggande kurs i arbeidsmiljø, ansvar og konsekvensar» og «Masseforflyttingsmaskin» vert dekket over budsjett 2016, tenesteområde 70146 landbruk.

::: Sett inn innstillingen over denne linja ↑

... Sett inn saksutredningen under denne linja ↓

Vedlegg:

1. Søknad Bergen matfestival 2016
2. Søknad frå Njøs Næringsutvikling AS
3. Søknad frå stiftinga Fjordkonferansen
4. Søknad frå Sunnfjord Næringsutvikling
5. Søknad frå forum for natur og friluftsliv
6. Tilleggsbrev frå forum for natur og friluftsliv
7. Søknad frå Solund kommune
8. Søknad frå 4H Sogn og Fjordane
9. Søknad frå Norges Vel

SAKSFRAMSTILLING

Innhold

| | |
|---|----|
| 1. Søknad om medfinansiering av Bergen Matfestival 2016..... | 4 |
| 2. Midlar til prosjektering og kostnadsoverslag av nytt opplæringsfartøy | 5 |
| 3. Fullmakt til fordeling at fylkeskommunale breibandmidlar | 6 |
| 4. Søknad om finansiering til prosjektet «Nye frukt- og bærekulturar» 2016 | 7 |
| 5. Fjordkonferansen | 8 |
| 6. Søknad om finansiering av Tour des Fjords Sogn og Fjordane 2017..... | 11 |
| 7. FNF Sogn og Fjordane – styrking av FNF og medlemsorganisasjonane i samfunnsutviklande arbeid | 12 |
| 8. Solund kommune – Overvaking av havørn ved oppdrettsanlegg – forprosjekt | 14 |
| 9. Utviklingsavtale 2016 mellom Høgskulen i Sogn og Fjordane – Vestlandsforskning – Sogn og Fjordane fylkeskommune. Tema internasjonalisering. | 15 |
| 10. Søknad om tilskot til Barnas Matfestival 2016 | 18 |

| | | |
|-----|---|----|
| 11. | Søknad om finansiering til etablering av Economusee i Balestrand | 20 |
| 12. | Søknad om finansiering av to korte kurs ved Mo og Øyrane vidaregåande skule | 22 |

1. Søknad om medfinansiering av Bergen Matfestival 2016

(Sakshandsamar: Ingeborg Lysne Mcevoy)

1.1 Bakgrunn for saka

Bergen matfestival er ein arena for presentasjon og sal av kortreist mat i Hordaland og Sogn og Fjordane. Festivalen er viktig møtestad for mataktørar og forbrukarar og synleggjer vår matkultur og historie. Festivalen har fokus på både blå og grøn mat og heile verdikjeda vil vere til stades på festivalen, frå produsent og salskanalar (restaurantar) til sluttbrukar. Eit slikt arrangement er med på å utvikle og styrke matidentiteten i regionen.

Tidlegare vedtak:

- HPN sak 49/11: Matfestivalen i Bergen fekk tilskot på 50 000 kr. i tilskot til gjennomføring
- HPN sak 33/12: Bergen matfestival fekk 50 000 kr. i tilskot til gjennomføring
- 2013: Søknaden vart handsama av fylkesdirektør for næring med administrativ fullmakt, Bergen matfestival fekk 50 000 kr. i tilskot til gjennomføring, tilskotsbrev ligg på journalpost 13/3715-3
- 2014: Søknaden vart handsama med administrativ fullmakt og vart støtta med 60 000 kr. der 30 000 kr. skulle gå til Bergen matfestival og 30 000 kr. skulle gå til Barnas Matfestival, tilskotsbrev ligg på journalpost 14/3429-2
- HPN sak 32/15: Bergen matfestival fekk 40 000 kr. i tilskot

1.2 Kort om søknaden

Fylkesmannen i Hordaland har vore arrangør for Bergen Matfestival i 14 år. Dei siste åra har det vore eit mål å få på plass ein eigen organisasjon som kan ta over festivalen. Det er no vedteke at Matarena AS tek over som arrangør av Bergen matfestival, men festivalsjefen frå Fylkesmannen vil fortsette som festivalsjef også i 2016. Matarena AS er eigd av Smak av Kysten, HMP Bergen, Bergen Bondelag, Samarbeidsrådet for landbruksorganisasjonane i Hordaland og Sogn og Fjordane, Hanen Vest og Bondens marknad. Organisasjonen er etablert som ein samhandlingsorgan mellom sjømat- og landbruksnæringa med formål om å utvikle kunnskap om mat i Hordalandsregionen spesielt.

Arrangøren ynskjer å gje festivalen eit løft til å bli eit komplett opplevingskonsept for lokalmat, stimulere til mangfald, innovasjon og vekst i næringa, samt styrke forbrukaren sin kunnskap om lokale mattradisjonar, matkultur og historie.

Bergen matfestival vil ha tiltak retta mot born og unge for å auke kompetansen og kunnskap om lokale råvarer og til styrka rekruttering til matfaget generelt. Dette vil blant anna skje i eit samarbeid med dei vidaregåande skulane i Hordaland. Det vil også vere auka fokus på kulturelle aktivitetar innan musikk, barneaktivitetar og teater, underhaldning og ulike former for matrelaterte konkurranse. Bergen Ølfestival er ein av samarbeidspartnarane under festivalen med eige festivalområde. Festivalane har felles inngangsbillett.

I 2015 vart festivalen flytta frå Bryggen i Bergen til Bergenhus/Koengen for å få eit større areal. Ved å ha festivalen på eit avgrensa område vart det lettare å ta inngangsbillettar. I 2015 vart det seld 23 000 billettar til ein tredagars festival. Det var gratis inngang for skuleklassar og unge under 18 år. Totalt estimert rundt 40 000 personar var innom Bergen matfestival i 2015. Det var 93 utstillingsboder som hadde ei totalomsetning på 7-8 mill. kr. under festivalen. Av desse var det 19 utstillarar frå Sogn og Fjordane jamfør e-post frå arrangør 12.04.2016

1.3 Vurdering og konsekvensar

Bergen matfestival er ein viktig arena for å synleggjere mangfaldet av leverandørar av kortreist mat og skape ein møtestad for heile verdikjeda. Det er positivt at festivalen vil ha tiltak retta mot barn og unge med fokus på kunnskap og kompetanse, dette er viktig for rekruttering inn mot landbruk og matfaget. Vidare er det positivt at festivalen har nådd målet om å flytte

organiseringa frå Fylkesmannen i Hordaland til ein sjølvstendig kommersiell aktør. Prosjektet har hatt ein positiv vekst dei siste 5 åra. Fylkeskommunen var med å finansiere fyrste gong i 2011 då totalbudsjettet var på kr. 1 870 000. For 2016 er totalbudsjettet på kr. 3 790 000 som gjev ei auke på 103 % på 5 år. Festivalen er også flytta til eit større, avgrensa areal slik at fleire utstillarar får plass, samt at det gjer det mogleg å ta inngangsbillett.

Fylkesdirektøren har vurdert søknaden og vore i kontakt med Fylkesmannen i Sogn og Fjordane si landbruksavdeling og Hordaland fylkeskommune som også har mottatt søknad. Dei stiller seg positive og er innstilt på å støtte søknaden. Fylkesdirektøren er likevel tilbakehalden når det gjeld støtte frå Sogn og Fjordane fylkeskommune. Grunnen er tilskot frå næringsavdelinga skal vere eit bidrag for å starte opp prosjekt og hjelpe dei i gang. Bergen Matfestival har eit omfang og eit budsjett som viser at dei har god utvikling og er over i ein driftsfase. Næringsavdelinga har retningslinjer som seier at vi ikkje skal gje støtte til drift og difor vert det feil å støtte søknaden.

Fylkesdirektøren viser også til retningslinjer for verkemiddelbruk der det står at vi kan vere med å finansiere eit prosjekt i inntil 5 år. Vi har vore med å finansiere prosjektet sidan 2011 og 2016 vil vere det 6. året vi mottar ein søknad om støtte til matfestivalen. Vidare står det at eit tilskot skal ha utløysande effekt. Eit tilskot på kr. 50 000 utgjer 1 % av totalbudsjettet og har dermed ingen utløysande effekt. Prosjektet kan gjennomførast utan store endringar utan tilskot frå fylkeskommunen. Sogn og Fjordane er representert gjennom Fylkesmannen si landbruksavdeling sitt tilskot. Det er meir riktig at dei er med å støttar prosjektet sidan lokalmat og landbruk er innafor deira satsingsområde.

1.4 Tilråding

På grunnlag av argumenta som er presentert vil fylkesdirektøren råde hovudutvalet til å avslå søknaden frå Matarena AS.

2. Midlar til prosjektering og kostnadsoverslag av nytt opplæringsfartøy

(Sakshandsamar: Lena Merete Söderholm)

2.1 Bakgrunn for saka

Vi har fått søknad frå Opplæringsfartøy AS om tilskot til å utarbeide anbudsgrunnlag og innhente pristilbod for nytt opplæringsfartøy til erstatning for Skulebas AS.

Historikk - tidlegare vedtak

Vedtak frå tilleggsframlegg i protokoll frå finansutvalet sitt møte 02.03.16 der ein vil nytte kr. 200 000 til å prosjektere og kostnadsberekne eit nytt opplæringsfartøy.

Verdiskapingsplanen har under «Sjømatnæringane» peika på at nytt opplæringsfartøy vil vere eit viktig element for å auke rekrutteringa til dei marine utdanningane ved Måløy vidaregåande skule.

Det har vore gjennomført i 2015 eit forprosjekt finansiert av Opplæringsfartøy AS og Nordfjord Vekst der ein konkluderte med at om ein skulle bygge eit nytt opplæringsfartøy så vil eit kombinert fiske-, oppdretts- og servicefartøy vere mest hensiktsmessig.

2.2 Vurderingar og konsekvensar

Opplæringsfartøyet Skulebas AS er no over 40 år gammalt og ved ny klassifisering i 2019 må vi rekne med tunge økonomiske investeringar for godkjenning. Likevel vil vi sitte med eit gammalt skip som ikkje tilstrekkeleg speglar notidas krav og moglegheiter. Fartøyet ikkje eigna til bruk for oppdrettsnæringa. Det er difor svært interessant å sjå på kva kostnadar ein må rekne med ved å bygge eit heilt nytt opplæringsfartøy. Eit nytt opplæringsfartøy bør vere utrusta slik at båten kan nyttast til føremål i akvakulturnæringa, i kokk- og restaurantfaga, i forskings- og utviklingsaktivitetar (FoU) og t.d. til maritime serviceoppdrag.

I søknaden ber s kjar om kr. 200 000 i midlar til   f  ein kvalitetssikra pris fr  verft p  eit nytt oppl ringsfart y. Dette prosjektet vil vere ein sv ert viktig basis for seinare vurderingar som fylkeskommunen m  gjere i om det vil vere  konomisk forsvarleg   bygge eit nytt oppl ringsfart y.

I handlingsplanen for 2015 under «Sj matn ringane» i verdiskapingsplanen er det sett av inntil kr. 200 000 for   prosjektere nytt oppl ringsfart y. Det er sett som ein f resetnad at det prosjekterte skipet ogs  m  vere tenleg for oppdrettsn ringa og kunne nyttast til enklare FoU-verksemd. Det kan ogs  vere interessant   sj  p  om ein kan utruste skipet til ogs    leigast ut til ulike maritime oppdrag i periodar skulen sj lve ikkje nyttar skipet.

For   sikre den rette infrastrukturen og dei fysiske fasilitetane om bord, m  forprosjektet organiserast slik at ein trekker med ressurspersonar fr  oppdrett- og fiskerin ringa, fr  kokkelinja og andre aktuelle bransjar for   legge premissar for arbeidet.

Prosjektet skal gjennomf rast i l pet av 2016.

2.3 Tilr ding

Sogn og Fjordane fylkeskommune ser det som viktig at det snarleg vert utarbeida eit  konomisk grunnlag som syner kostnadane med   bygge eit nytt oppl ringsfart y.

Fylkeskommunen gjev eit tilskot p  kr. 200 000 for   gjennomf re arbeidet med   prosjektera eit nytt oppl ringsfart y og f  ein kvalitetssikra pris fr  verft p  kostnadane.

I prosessen skal ogs  representantar fr  oppdretts- og fiskerin ringa, personell fr  kokkelinja ved M l y vidareg ande skule og andre aktuelle bransjar delta for   sikre gode nok fasilitetar til skipet sine planlagde f rem l.

3. Fullmakt til fordeling at fylkeskommunale breibandmidlar

(Sakshandsamar: Olav Skarsb )

3.1 Bakgrunn for saka

Fr  2014 vert det innf rt ei ny tilskotsordning for breibandutbygging i omr de det ikkje er l nnsamt   bygge ut for leverand rane. Nasjonal kommunikasjonsmyndighet (Nkom) forvaltar st tteordninga etter oppdrag fr  Samferdseldepartementet.

Kommunane og fylkeskommunane kan s ke NKOM om tilskot ein gong i  ret. S knadsfristen i  r var 10.mai og tildeling av midlar er venta i september/oktober 2016.

Sogn og Fjordane fylkeskommune har i samarbeid med IT-forum og kommunane kome fram til ein modell der kommunane s ker via fylkeskommunen. Dette er ein modell som ga god utteljing i 2014 og 2015. Saman med lokale midlar fr  fylkeskommunen, kommunane, husstandane og leverand rane vert det no realisert ei utbygging i kommunane for totalt 150 millionar kroner.

Vi forventar at konkurransen i  r vert enda sterkare enn tidlegare. Behovet er enda sv ert stort og mange har lagt ned mykje arbeid i s knadane. Sogn og Fjordane er framleis fylket med l gast breibanddekning.

3.2 N rare omtale

Staten bidreg med om lag 1/3 av totalkostanden med breibandutbygging i omr de der det ikkje er kommersielt l nnsamt   bygge for leverand rane. Det resterande m  finansierast lokalt.

Sogn og Fjordane fylkeskommune har sendt tre s knader. I den h gst prioriterte s knaden s ker vi om 24 millonar kroner. Dei 20 prosjekta har ein totalkostand p  72 millonar kroner.

I v r s knad til Nkom har vi fordelt kostandane slik:

- 33,3%: NKOM

- 33,3%: Fylkeskommunen, kommunane, innbyggjarane, grendelag, m.fl
- 33,3%: Breibandleverandørane

Sogn og Fjordane fylkeskommune har i år 2,3 millionar kroner til fordeling.

| | |
|----------------|-----------------------|
| Restmidlar: | 1,28 mill. kr |
| Unytta 2015: | 0,5 mill. kr |
| Renter 2015: | 0,1 mill. kr |
| Budsjett 2016: | 0,45 mill. kr |
| | = 2,3 mill. kr |

3.3 Tilråding

Fylkesdirektøren tilrår at Sogn og Fjordane fylkeskommune nyttar restmidlar frå tidlegare prosjekt og avsette midlar i 2016 til regional medfinansiering av breibandprosjekt i 2016, totalt 2,3 millionar kroner. Fylkesrådmannen får fullmakt til å fordele tilgjengelege breibandmidlar. Hovudutval for næring og kultur skal regelmessig informerast om status i breibandutbygginga i fylket.

4. Søknad om finansiering til prosjektet «Nye frukt- og bærkulturar» 2016

(Sakshandsamar: Ingeborg Lysne Mcevoy)

4.1 Bakgrunn for saka

Sidan 2005 har det vore gjennomført ei satsing på nye frukt- og bærkulturar for Sogn og Fjordane gjennom eit forprosjekt (2005) og eit basisprosjekt (2006-2015), finansiert av Sogn og Fjordane fylkeskommune og Fylkesmannen i Sogn og Fjordane. I 2015 vart prosjektet fullfinansiert av Fylkesmannen i Sogn og Fjordane. Det vart søkt om fullfinansiering frå Fylkesmannen også i 2016, men retningsliner for UTM-midlar gjer at dei berre kan løyve 75 % av total prosjektkostnad på 300 000 kr. Prosjektet har fått tilsegn om finansiering for 2016 frå Fylkesmannen under føresetnad av at dei får finansiert dei resterande 25 % frå andre kjelder. For å kunne fortsette den kontinuerlege og langsiktige satsinga på utvikling av nye frukt- og bærkulturar for fylket, og for å oppnå full utteljing av dei prosjektmidlane som er sett inn i perioden 2005-2015, er det vesentleg at denne satsinga blir vidareført.

4.2. Kort om søknaden

Basisprosjektet "Nye frukt- og bærkulturar for Sogn og Fjordane" er ei langsiktig satsing for å finne nye produkt som har potensial for lønsam kommersiell produksjon i fylket. Kulturar som gjennom basisprosjektet syner slikt potensial blir så søkt vidareutvikla i separate prosjekt. Basisprosjektet «Nye frukt- og bærkulturar for Sogn og Fjordane" er spesifikt omtalt som ei satsing på side 29 i Handlingsplan 2016 for Regionalt bygdeutviklingsprogram for Sogn og Fjordane og er såleis godt forankra i landbruksatsinga i Verdiskapingsplanen.

Prosjektet omfattar desse elementa:

- Kontinuerleg søk etter potensielle nye kulturar gjennom litteratur, internett, kontaktnett, internasjonale fagmøte og studieturar.
- Kontinuerleg formidling av innsamla informasjon.
- Utarbeiding av rapportar om dei kulturane som vert tekne inn i prøving.
- Inntak av materiale, etablering og stell av prøvefelt / demonstrasjonshage.
- Kartlegging av eigenskapar hos materiale i prøvefelt og formidling av resultat frå prøvinga.
- Første vurdering av nye kulturar som produkt for direktekonsum, restaurantkjøkken og råvare for industri.
- Første vurdering av produksjonsøkonomi for lovande kulturar.

Prosjektet bli gjennomført av Njøs næringsutvikling AS. Prosjektet blir leia av ei styringsgruppe som i 2015 bestod av Torbjørn Takle (Fylkesmannen, leiar), Rikard Lysne (dyrkar Lærdal), Olav J. Bøtun (dyrkar Fresvik), Prosjektleiar er sekretær for styringsgruppa. Det blir no vurdert ny samansetnad av styringsgruppa i 2016 ettersom Torbjørn Takle gjekk av med pensjon i 2015. Prosjektet samarbeider med dyrkarar, frukt- og bærnettverk, Norsk landbruksrådgiving, lokal konservesindustri, restaurantar og BAMA i direkte utprøving av kulturane og råvarer frå prøvinga.

Målgrupper for prosjektet er

- Frukt- og bærproduktar (produsentar av råvare)
- Frukt- og bærnettverk (nettverk og vidareføring av råvare)
- Konservesindustri og småskalaprodusentar (vidareforedling av råvare)
- Grossistar for omsetnad av frukt og bær til friskkonsum (omsetnad av råvare)

4.3 Vurdering og konsekvensar

Med eit tilskot frå fylkeskommunen vil prosjektet vere finansiert med 100 % offentlege midlar, noko som er høgt sett i lys av at ein vanlegvis går inn med maksimalt 50 % offentlig støtte. Det er likevel viktig at prosjektet vert vidareført med tilskot frå fylkeskommunen og Fylkesmannen då det er vanskeleg å finne andre finansieringskjelder som vil fokusere spesielt på utvikling av frukt- og bærprodukt i Sogn og Fjordane. Prosjektet er eit konkurransefortrinn ved at det er i front på utvikling av nye frukt- og bærprodukt og fylkesdirektøren meiner såleis at finansieringa kan forsvarast.

4.4 Tilråding

Fylkesdirektøren for næring og kultur rår hovudutval for næring og kultur til å støtte Njøs Næringsutvikling AS med 75 000 kr. For å sikre vidareføring av prosjektet «Nye frukt- og bærproduktar – basisprosjekt». Tilskotet vert dekkja med midlar sett av til næringsretta tiltak innan landbruk i budsjett 2016.

5. Fjordkonferansen

(Sakshandsamar: Birte Tuxen Bø)

5.1 Bakgrunn

Hovudutval for næring og kultur gjorde i møte 15.03.2016, sak 29/15, følgjande vedtak:

«Fjordkonferansen får tildelt 175 000 kr for perioden 2016-2019 med atterhald om at Møre og Romsdal går inn med tilsvarende støtte.

Møre og Romsdal fylkeskommune har vedteke at dei ikkje støttar tiltaket utover det dei tidlegare har bunde seg til, dvs. totalt kr. 200 000. Vilkår i møte frå den 15.03.2016 i hovudutval for næring og kultur, sak 29/16, er soleis ikkje stetta og Fjordkonferansen kan ikkje få støtte frå Sogn og Fjordane fylkeskommune med bakgrunn i dette vedtaket.

Vi opna for at Stiftinga Fjordkonferansen kunne søkje på nytt, noko dei no har gjort.

Sogn og Fjordane fylkeskommune har tidlegare støtta Fjordkonferansen med kr. 100 000. No søkjer Stiftinga Fjordkonferansen om kr. 100 000 samla for åra 2016 og 2017, i samsvar med tilskot frå Møre og Romsdal.

5.2 Nærare omtale

Stiftinga Fjordkonferansen er organisert som eit prosjekt i Stiftelsen for etterutdanning og vitenformidling, c/o Høgskolen i Ålesund. Opphaveleg var det eit prøveprosjekt i to år.

Fokuset for Fjordkonferansen er fagleg utvikling med mottoet «av fagfolk for fagfolk», der hovudmålet er å bidra til ein auke i publiseringar av vitskapelege artklar frå Sogn og Fjordane/Møre og Romsdal («Fjordregionen»). Dette skal føre til fleire doktorgrader ved institusjonane.

Styret i stiftinga består av representantar frå ulike vitskapelege miljø i Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal. Styret har per dags dato følgjande samansetning:

- Øyvind Helgesen (leiar), Høgskolen i Ålesund
- Jon Gunnar Nesse (nestleiar), Høgskulen i Sogn og Fjordane
- Jørgen Amdam, Høgskulen i Volda
- Solfrid Vatne, Høgskolen i Molde
- Harald M. Hjelle, Høgskolen i Molde
- Eirik Nasset, Høgskolen i Ålesund
- Lars J. Halvorsen, Møreforskning Volda
- Øivind Heimset Larsen, Vestlandsforskning

Støtta Fjordkonferansen fekk frå fylkeskommunen i 2012 vart nytta til å utvikle ein samlingsplass (konferansar m.m.) for fagmiljøa i Fjordregionen. Møtestaden skal gje grunnlag for utveksling av erfaringar og idear mellom einingar og institusjonar for å kunne ha positiv effekt på publisering, fagleg utvikling og samarbeid mellom fagfolk frå ulike institusjonar og mellom institusjonane.

I tillegg til innleiingskonferansen i 2012 er det gjennomført tre konferansar, der det har vore 260 deltakarar totalt sett. Konferansane har hatt følgjande tema:

- 2013: Kvalitet
- 2014: Regional utvikling
- 2015: Innovasjon

Til konferansane vert det utarbeidd artklar som vert presentert og drøfta av fagfeller for vidare arbeid. Godkjente artklar kan kome med i ein antologi (Fjordantologien). Publiseringa er eit «lågterskel-tilbod» der «nye» forfattarar kan arbeide med meir røynde forfattarar (råd og rettleiing). Til no er to antologiar publisert, 2013 og 2014. I 2013-antologien er det 17 vitskapelege artklar der eitt bidrag er frå Sogn og Fjordane og i 2014-antologien er det 16 artklar og to bidrag er frå Sogn og Fjordane.

På konferansen i juni i 2015 var det dobbelt så mange artklar som på dei to første konferansane, og det var heile 18 innlegg frå Sogn og Fjordane (Høgskulen i Song og Fjordane, Helse Førde). Dette utgjorde 30 % av talet på presentasjonar av «paper», og indikerer at talet på bidrag frå Sogn og Fjordane kjem til å auke i komande antologi (ligg an til å verte to antologiar basert på artklar frå Fjordkonferansen 2015). Presenterte artklar vert sendt inn til endeleg godkjenning (skjer i starten av 2016), etter å ha blitt revjua og arbeidd med hausten 2015. Publikasjonsarbeidet er lagt opp som ein syklus over 2 år, derfor opererer søkjar med ein tidshorisont på 2016-2019. Alle artiklane vil verte tilgjengeleg på nettet, også dei to første antologiane.

Fjordkonferansen 2016 skal arrangerast 21.-22. juni på Alexandra hotell i Loen (hittil 90 påmelde). Temaet er «Immateriell kapital» og konferansen vert den fjerde i rekka. «Sogn og Fjordane» har arrangement-ansvaret dette året, dvs. representantar frå Vestlandsforskning og Høgskulen i Sogn og Fjordane. Redaktøransvaret for komande antologi vil også vere frå dette fagmiljøet.

5.3 Økonomi

Frå komande konferanse er det lagt opp til at alle deltakarane må betale fullt ut for opphaldet (hotell), slik at det som skal dekkast av Fjordkonferansen utgjer ein mindre sum (føredragshaldarar, inviterte etc.). Fjordkonferansen skal framleis dekke kostnadane for antologien inkl. revjukostnadar der ein må leige inn hjelp, samt sjølve programkostnadane for arrangementet.

I forhold til førre søknad har Fjordkonferansen justert finansieringsplanen slik at det fell meir på høgskulane/initiativtakarane.

| Resultatbudsjett | 2016 | 2017 | 2018 | 2019 | Summer |
|---|----------------|----------------|----------------|----------------|------------------|
| Inntekter | | | | | |
| Bidrag frå Sparebanken Møre | 300 000 | 150 000 | 150 000 | 100 000 | 700 000 |
| Bidrag frå Møre og Romsdal fylkeskommune | 50 000 | 50 000 | - | - | 100 000 |
| Bidrag frå Sogn og Fjordane fylkeskommune | 50 000 | 50 000 | - | - | 100 000 |
| Bidrag frå høgskolane/initiativtakerne | 180 000 | 120 000 | 220 000 | 170 000 | 690 000 |
| Sum inntekter | 580 000 | 370 000 | 370 000 | 270 000 | 1 590 000 |
| Kostnader | | | | | |
| Honorar føredragshaldarar | 40 000 | 40 000 | 40 000 | - | 120 000 |
| Kostnader arrangement | 40 000 | 40 000 | 40 000 | - | 120 000 |
| Kostnader revjuarar | 40 000 | 30 000 | 30 000 | 30 000 | 130 000 |
| Kostnader antologiar | 400 000 | 200 000 | 200 000 | 200 000 | 1 000 000 |
| Rekneskap og revisjon | 20 000 | 20 000 | 20 000 | 20 000 | 80 000 |
| Diverse kostnader | 40 000 | 40 000 | 40 000 | 30 000 | 150 000 |
| Sum kostnader | 580 000 | 370 000 | 370 000 | 280 000 | 1 600 000 |
| Renteinntekter | 2 000 | 2 000 | 2 000 | 2 000 | 8 000 |
| Årsresultat | 2 000 | 2 000 | 2 000 | -8 000 | -2 000 |

Ei eventuell støtte frå fylkeskommunen utgjer 6 % av totalbudsjettet.

5.4 Vurdering

Vurderinga frå førre søknad står seg.

Opphavelag var Fjordkonferansen eit prøveprosjekt på to år. I dag har konferansen vorte ein etablert samlingsplass for utdanningsinstitusjonane i fjordregionen, med over 260 deltakarar dei siste tre åra og allereie 90 påmelde til årets konferanse.

Endringar innanfor organiseringa av høgare utdanning og FoU-organisasjonar aukar behovet for ein akademisk samlingsplass, og det er såleis positivt at vi har ein samlingsstad som Fjordkonferansen, for utveksling av kunnskap, erfaringar og nettverksbygging mellom fagmiljøa i regionen.

Fleire artiklar vil kunne gje auka kvalitet på institusjonane ved at dei kan tilby fleire og betre studium, og studia i seg sjølv vil kunne få fleire søkjarar. Samtidig er det ikkje berre «fleire artiklar» stiftelsen Fjordkonferansen søker å få til, men også kvalitet i desse ved å dra nytte av kvarandre sine erfaringar og idear.

Fylkesdirektøren meiner at utdanningsinstitusjonane lokalisert i fjordregionen er viktige samfunnsutviklarar, og studentane er ein av dei viktigaste ressursane fylket har å ta av på sikt. Ein samlingsplass som Fjordkonferansen kan derfor vere avgjerande for den akademiske utviklinga i fylket, og ein auke i publiseringsaktiviteten kan føre til styrka fagmiljø gjennom fleire doktorgrader.

Ei eventuell støtte på kr. 100 000 frå Sogn og Fjordane fylkeskommune gjer at Fjordkonferansen vert støtta med lik sum frå begge fylkeskommunane i fjordregionen.

5.5 Tiltråding

Fylkesdirektøren for næring og kultur rår hovudutvalet for næring og kultur til å støtte Fjordkonferansen med kr. 100 000 samla for åra 2016 og 2017.

Tilskotet vert dekkja med restmidlar frå 2015 sett av til tenesteområde 7018 kunnskap.

6. Søknad om finansiering av Tour des Fjords Sogn og Fjordane 2017

(Sakshandsamar: Ingeborg Lysne Mcevoy)

6.1. Bakgrunn for saka

Sunnfjord Næringsutvikling (SNU) har sidan Februar 2016 jobba på vegne av kommunane Balestrand, Gaular, Jølster og Førde med å få ei etappe av sykkelrittet Tour des Fjords til Sogn og Fjordane i 2017. Tour des Fjords var på synfaring i april i Førde og Balestrand for å sjå på start og avslutning for ei mulig etappe, samt å møte representantar frå sykkelklubbane, idrettslag, næringslivet og politikarar. SNU og Tour des Fjords signerte 9. mai avtale om å arrangere etappen mellom Balestrand og Førde i 2017. Tidspunkt for etappen er ikkje endeleg avklart men dei mest aktuelle tidspunkta er i månads-skiftet august/september eller mai/juni i 2017.

6.2. Kort om søknaden

Tour des Fjords er eit profesjonelt sykkelritt som har etablert seg i Rogaland og Hordaland med årleg arrangement. I 2017 tek dei sikte på å etablere ei etappe i Sogn og Fjordane, dette vil i så fall vere det fyrste profesjonelle sykkelrittet i fylket med internasjonale namn og folkefest langs heile løypa. Målet er å få dette til å bli eit årleg arrangement som skal leggast til ulike delar av fylket for kvart år.

6.3 Finansiering

SNU og Tour des Fjords signerte 9. mai avtale om å arrangere etappen mellom Balestrand og Førde i 2017. Gjennom avtalen garanterer Sunnfjord Næringsutvikling for eit beløp på 1.500.000 kr som er den summen Tour des Fjords krev frå ein startstad og ein målstad. Summen på 1.500.000 kr. dekkjer den sentrale arrangøren, Tour des Fjords, sine kostnader til TV- produksjon, teknisk arrangement ved start og mål, samt overnatting for ryttrarar, teammedlemmar og TV-team. I tillegg til summen på 1,5 mill. kr. budsjetterer arrangementet med 1.500.000 kr til andre kostnader som prosjektleiing, administrasjon, marknadsføring og andre arrangement utover proffrittet. For å finansiere rittet vil kommunane Balestrand, Jølster og Gaular gå inn med 100.000 kr. Kvar. Førde kommune med 500.000 kr. Dei kommunale midlane vil ikkje hentast frå dei kommunale næringsfonda og kjem såleis ikkje i konflikt med eit eventuelt tilskot frå fylkeskommunen.

Sunnfjord Næringsutvikling AS jobbar med finansiering frå næringslivet og har vore i dialog med det private næringsliv om deira bidrag. Dei har fått positive signal og er trygg på at dei vil klare å hente inn den finansieringa som trengst frå det private næringsliv.

Organisering

Eit slikt arrangement krev betydeleg innsats frå både frivillige, kommunane, og næringslivet, både i forkant og under sjølve arrangementet, for at det skal bli vellukka og at ein skal realisert potensialet som ligg i eit slikt arrangement. SNU vil ha ansvaret for prosjektleiinga av prosjektet Tour des Fjords Sogn og Fjordane 2017. Det vil bli etablert eigne delprosjekt i kvar kommune for å sikre engasjement og tilhøyr til arrangementet lokalt. Kostnadar til prosjektleiing vil dekkast inn gjennom budsjettet til arrangementet. Den økonomiske organiseringa av prosjektet er ikkje endeleg avklara. Det er per i dag 2 alternativ som vert vurdert som aktuelle, 1) at SNU handterer det økonomiske innanfor SNU, eller 2) det blir etablert eit eige AS for Tour des Fjords Sogn og Fjordane.

Meirverdiar og etterbruk

Sykkelrittet gjev ein folkefest og trekkjer til seg store, internasjonale namn innan landevegsykling. Tour des Fjords har avtale med TV2 om TV-produksjon av arrangementet. Etappen vil få 3-4 timar direktesendt TV i Norge, i tillegg vil det bli sendt på TV utanfor Norge. Interesse rundt sykkelsporten gjer at dette er TV sendingar som får ei stort mengde TV-

sjåarar. Sykkel-VM i 2017 vert arrangert i Bergen og dette gjer rittet ekstra spennande i eit TV-perspektiv då både sykkelinteressa blant publikum vil være ekstra stor, i tillegg til at rittet blir meir attraktivt for dei gode ryttarane og laga.

Eksponeringa som etappen vil skape merksemd for reiselivet og anna næringsliv i traseen til rittet. Destinasjonsselskapa for områda som løypa vil gå gjennom har gode moglegheiter til å påverke TV-produksjonen, dette gjer det mogeleg å trekke fram bedrifter, reisemål og attraksjonar langs løypa etter ynskje. Ei slik eksponering vil være svært verdifull og har ein høg marknadsføringsverdi som ein får ved eit slikt arrangement.

Det er ei klar målsetting å bruke Tour des Fjords til å skape meirverdiar og etterbruk utover sykkelrittet si eine etappe. Arrangementet vil skape ein folkefest i dagane før og etter rittet som gjer at innbyggjarane i kommunane rittet går gjennom og innbyggjarane elles i Sogn og Fjordane føler stoltheit, eigarskap og engasjement rundt rittet. Deltakarar og deira team vil komme til startområdet nokre dagar før og blir gjerne nokre dagar etter løpet er ferdig, dette gjev meirverdi for reiselivsbedrifter og næringslivet elles.

Det er ein klar intensjon for både Sunnfjord Næringsutvikling og Tour des Fjords at dei saman skal jobbe for at det kjem etappar av rittet til Sogn og Fjordane i åra etter 2017. Dette er difor eit prosjekt for heile Sogn og Fjordane.

Realiseringa av årlige etappar vil avhenge av blant anna finansiering og at logistikken knytt til rittet totalt sett er mogeleg å gjennomføre. Tour des Fjords jobbar også saman med sine partnerar for å få finansiering til rittet over statsbudsjettet etter tilsvarande modell som Arctic Race of Norway opererer under.

6.4 Vurdering og konsekvensar

Fylkesdirektøren og reiselivsrådgjevar ved næringsseksjonen har delteke på møte med styret til Tour des Fjords, SNU og ordførarane frå kommunane som er involvert, for å bli informert og følge utviklinga i prosjektet. Søknaden er sendt inn på bakgrunn av desse møta. Etter møta og presentasjonar frå leiinga i Tour des Fjords er fylkesdirektøren trygg på dei har erfaringar med sporten og arrangementet som vil sikre god gjennomføring av eit sykkelritt av ein slik skala. Arrangementet vil vise fram fylket og Fjord Norge, ei slik form for eksponering kan ikkje skapast gjennom marknadsføring elles og ein når ei kundegruppe som ein ikkje nødvendigvis når ut til gjennom vanleg marknadsføring. Dei som er aktive innan sykkel sport er ei svært kjøpesterk kundegruppe, og sykling som aktivitet er i følge Innovasjon Norge den aktiviteten som har størst auke i tal konsumentar. Dette gjer det desto meir interessant å ynskje Tour des Fjords velkommen til fylket.

6.5 Tilråding

Fylkesdirektøren for næring og kultur rår hovudutval for næring og kultur til å støtte Sunnfjord Næringsutvikling med kroner 300 000 til finansiering av Tour des Fjords Sogn og Fjordane 2017. Tilskotet vert dekkja av midlar sett av til infrastruktur i reiselivet.

7. FNF Sogn og Fjordane – styrking av FNF og medlemsorganisasjonane i samfunnsutviklande arbeid

(Sakshandsamar: Torbjørn Hasund)

7.1 Bakgrunn

Forum for natur og friluftsliv (FNF) Sogn og Fjordane har søkt om midlar til prosjekt for styrking av medlemsorganisasjonane sitt arbeid med samfunnsutvikling, gjennom ordninga «Tilskot til nærings- og samfunnsutvikling.» 11. mai hadde vi eit møte med dagleg leiar Elisabeth Dale og styreleiar i arbeidsutvalet Marino Ask. Etter møtet kom dei med eit tilleggsbrev til søknaden, dagsett 27.05.2016.

Vi har i perioden 2013 – 2015 hatt ei utviklingsavtale med FNF. Føremålet med utviklingsavtalen har vore å utvikle og forsterke organisasjonen og fylkeskommunen sitt arbeid. Målet har vore å finne samsarbeidsformer som gjer at komplementær kompetanse vert nytta og utvikla til beste for begge partar og for samfunnet.

7.2 Nærare omtale

FNF er eit samarbeidsforum mellom natur- og friluftsansjasjonar i fylket. Ei lang rekkje frivillige organisasjonar inkludert deira lokallag er tilknytt nettverket, inkludert Sogn og Fjordane turlag, NJFF, Naturvernforbundet og Forbundet Kysten.

Vi legg opp til å vidareføre avtalen med FNF. Dei har gjennom utviklingsavtalen tidlegare fått prosjektstønad for å vere med å følgje opp strategiar i vedtekne regionale planar i fylket. Som paraplyorganisasjon har FNF eit godt utgangspunkt for å leie arbeidet med å styrke dei frivillige organisasjonane sin kapasitet og evne til å kunne delta i regionalt plan- og utviklingsarbeid og vidareutvikle kompetansen sin. Organisasjonane sit inne med kunnskap vi ikkje har, og vil kunne bidra med komplementær kompetanse i samfunnsutviklinga i høve å:

- arbeide for friluftsliv for alle
- stimulere til og leggje til rette for auka fysisk aktivitet
- setje naturverdiar og friluftsliv på dagsorden i samfunnet

Dette arbeidet krev ein organisasjon som er i stand til å delta i regionalt og kommunalt plan- og utviklingsarbeid og:

- utvikle strategiske verkty for deltaking i samfunnsutviklinga
- styrke organiseringa og samarbeidet mellom organisasjonane
- delta i regionalt og kommunalt planarbeid

Prosjekt mål

Styrke arbeidet i forumet, administrativt og i organisasjonane. Styrke deira rolle som samfunns-aktør, samfunnsutviklar og primærleverandør innan friluftsliv og fysisk aktivitet. Styrking av samarbeidet mellom friluftsansjasjonane og andre regionale samfunnsutviklande organisasjonar, inkludert Sogn og Fjordane fylkeskommune.

7.3 Kostnads- og finansieringsplan

Kostnadsplan

| Tittel | 2016 | 2017 | 2018 | 2019 | 2020 | Sum |
|-------------------|-------------|-------------|-------------|-------------|-------------|------------|
| Personalkostnader | 180 000 | 180 000 | 180 000 | | | 540 000 |
| Sum kostnader | 180 000 | 180 000 | 180 000 | | | 540 000 |

Finansieringsplan

| Tittel | 2016 | 2017 | 2018 | 2019 | 2020 | Sum |
|--------------------------------|-------------|-------------|-------------|-------------|-------------|------------|
| Sogn og Fjordane fylkeskommune | 180 000 | 180 000 | 180 000 | | | 540 000 |
| Sum finansiering | 180 000 | 180 000 | 180 000 | | | 540 000 |

7.4 Vurdering

Målet med prosjektet er å gjere dei ulike organisasjonane betre i stand til å ta del i det samfunns-utviklande arbeidet som er nemnt over, også etter at prosjektperioden er over. Målet er at det vert etablert kunnskap og strukturar som vil hjelpe dei ulike aktørane til å i større grad på eiga hand kunne direkte medverke og delta i ulike typar planarbeid som har påverknad på sine interessefelt. Kompetanse og mobilisering. Gjennom prosjektet får vi testa ut kva rolle FNF bør ha i ein utvida partnerskap inn mot oppfølging av planarbeidet i fylket.

Fylkeskommunen si støtte til FNF bidreg til at breidda av frivillige natur- og friluftslivsorganisasjonar får høve til reell medverknad i regionale planar og mange store saker innan sine interessefelt. Utan det koordinerande arbeidet og kompetansen som FNF-sekretariat og styre kan bidra med, ville det vore vanskeleg for dei fleste organisasjonane å bidra inn i høyringsprosessane i viktige saker på ein god måte. Deira rolle som koordinerande organ sørgjer for at kompetansen kjem alle organisasjonane til gode, og at innspel frå dei blir tatt med i felles uttalar.

7.5 Tilråding

Fylkesdirektøren for næring og kultur rår hovudutvalet for næring og kultur til å støtte Forum for natur og friluftsliv (FNF) med 180 000 kr i 2016. Støtta vert dekkja over budsjett 2016, teneste 7164 friluftsliv. Ev støtte for dei komande åra vert å kome attende til på grunnlag av søknad.

8. Solund kommune – Overvaking av havørn ved oppdrettsanlegg – forprosjekt

(Sakshandsamar: Torbjørn Hasund)

8.1 Bakgrunn

Solund kommune vil saman med Sulefisk AS overvake havørn ved oppdrettslokaliteten i Juvika, sør for Krakhella. Uni Research vil gjennomføre eit forprosjekt for å kartlegge aktiviteten til havørn i området. Oppdrettsanlegget i Juvika vart i 2008 plassert rett ved eit eldre havørnreir. Reirlokaliteten er framleis stabilt i bruk, og er eigna til å sjå nærare på korleis aktiviteten på anlegget påverkar havørnene.

8.2 Nærare omtale

Det har opp i gjennom åra vore enkelte situasjonar der det har vore arealkonfliktar mellom havørn og oppretting av nye oppdrettslokalitetar. Med aukande hekkebestand av havørn og aukande aktivitet i oppdrettsnæringa er potensialet for fleire slike arealkonfliktar og aukande. Det er difor viktig å få fram meir kunnskap om havørna sin arealbruk i område med oppdrettslokalitetar. Målet er at prosjektet skal auke kunnskapen om tilhøvet mellom menneskeleg aktivitet og havørna sin hekkeaktivitet. Prosjektet skal ha overføringsverdi til andre delar av landet og vere med på å dempe konfliktnivået mellom havørn og akvakultur.

Overvakinga vil i første omgang skje gjennom feltundersøkingar, som då vil gje oss kunnskap om aktiviteten til havørna i området, kopla til aktiviteten på anlegget. Denne type kunnskap, om arealbruk og hekkeaktivitet for havørn, vil vere viktig i høve moglege konfliktar knytt til lokalisering av oppdrettsanlegg.

8.3 Kostnads- og finansieringsplan

Kostnadsplan

| Tittel | 2016 | 2017 | 2018 | 2019 | 2020 | Sum |
|--------------------------------------|-------------|-------------|-------------|-------------|-------------|------------|
| Administrasjon, eigeninnsats | 10 000 | | | | | 10 000 |
| Kjøp av tenester, feltarbeid | 60 000 | | | | | 60 000 |
| Kjøp av tenester, rapportering | 30 000 | | | | | 30 000 |
| Møter i styringsgruppa, eigeninnsats | 20 000 | | | | | 20 000 |
| Transport / båt | 5 000 | | | | | 5 000 |

| | | |
|----------------------|----------------|----------------|
| Sum kostnader | 125 000 | 125 000 |
|----------------------|----------------|----------------|

Mesteparten av kostnadane i prosjektet knyter seg til kjøp av konsulenttenester

Finansieringsplan

| Tittel | 2016 | 2017 | 2018 | 2019 | 2020 | Sum |
|---|----------------|-------------|-------------|-------------|-------------|----------------|
| Eigeninnsats, Solund kommune | 20 000 | | | | | 20 000 |
| Eigeninnsats, Sulefisk | 10 000 | | | | | 10 000 |
| Tilskot frå Sulefisk | 40 000 | | | | | 40 000 |
| Tilskot til nærings- og samfunnsutvikling | 55 000 | | | | | 55 000 |
| Sum finansiering | 125 000 | | | | | 125 000 |

8.4 Vurdering

Utgangspunktet for prosjektet, det å få meir kunnskap om korleis vi kan unngå konflikhtar mellom akvakultur og havørn er positivt, både i høve næring og biologisk mangfald. Akvakulturaktiviteten vil mest sannsynleg auke, og det same gjeld havørnbestanden. Om ikkje akkurat her så i andre delar av fylket og landet. Det vil kunne vere viktig for forvaltninga, ikkje minst fylkeskommunen som tildelingsstyresmakt for akvakulturkonsesjonar, å vite meir om korleis ein best mogleg kan legge til rette for akvakultur utan å leggje unødig press på havørnbestanden.

Vi vurderer prosjektet slik det ligg føre i søknaden til å vere noko uferdig, og vi er usikre på verdien av prosjektet. Vi er klar over at dette er eit forprosjekt. Men det er i søknaden og under prosjektmål ikkje sett opp tydeleg definerte problemstillingar som gjer oss trygge på nytten og overføringsverdien av prosjektet. Vidareføringa inn i eit større hovudprosjekt er heller ikkje skissert utover vidare overvaking av det same havørnparet og samanstilling med annan tilgjengeleg kunnskap. Det vert i søknaden også sagt lite om kva som ligg føre av eksisterande kunnskap, og korleis denne undersøkinga skal ta eksisterande kunnskap vidare.

Vi har diskutert prosjektet med Fylkesmannen i Sogn og Fjordane si miljøvernavdeling ved Tore Larsen. Raudlista artar er deira ansvarsområde, og forvaltar og ei tilskotsordning over Miljødirektoratet retta mot truga artar. Vi ser det som føremålstenleg at forskings- og overvakingssprosjekt som dette vert knytt opp til fylkesmannen og deira behov for vidare kunnskapsutvikling innan fagfeltet.

8.5 Tilråding

Fylkesdirektøren for næring og kultur rår hovudutvalet for næring og kultur til å avslå søknad frå Solund kommune om tilskot til prosjektet «Overvaking av havørn ved oppdrettsanlegg – forprosjekt».

9. Utviklingsavtale 2016 mellom Høgskulen i Sogn og Fjordane – Vestlandsforskning – Sogn og Fjordane fylkeskommune. Tema internasjonalisering.

Arkivsak 15/8311
(Sakshandsamar: Lars Hustveit)

9.1 Bakgrunn

Utviklingsavtalar mellom Høgskulen i Sogn og Fjordane, Vestlandsforskning og Sogn og Fjordane fylkeskommune har som mål å styrke begge forskingsmiljøa på faglege tema som også er viktige for regionalt utviklingsarbeid i fylket.

Tidlegare vedtak:

Utviklingsavtale datert 21.08.2015 vart handsama i Hovudutval for plan og næring 29.september 2015 i sak 49/15. Hovudutvalet gjorde følgjande vedtak:

«Fylkeskommunen løyver kr. 1 950 000 til utviklingsavtalen mellom Vestlandsforskning, Høgskulen i Sogn og Fjordane og fylkeskommunen for 2015-2017. Hovudutvalet ber om at det blir utarbeidd tilleggsavtale frå 2016 der ein har ei felles satsing mot Horisont 2020 med føremål å hente internasjonale forskingsmidlar.»

Med unnatak for kr 600.000 reservert til føremålet internasjonalisering, var aktiviteten fullfinansiert for treårsperioden 2015-2017.

Avtalen for 2016:

Avtalen for 2016 bygger på vedtaket referert til ovanfor og handlar derfor om temaet internasjonalisering. Kr 600.000 avsett til føremålet i sak 49/15, inngår i finansieringa.

Avtaleutkastet er kalkulert til i alt kr 4.200.000 og det er føresett kr 3.100.000 (inkl. dei 600.000 som allereie er løyvde) frå fylkeskommunen. Vårt mål har vore å fullfinansiere kvar avtale.

9.2 Nærare omtale av søknaden

Hovudaktivitetane i prosjektet er omtala slik:

«Delaktivitetet 1:

Bygge og vedlikehalde oversikt over dei mest relevante program og utlysingar

- 1.1 Analysere Horizon 2020, Interreg Nordsjø, Northerne periphery, Baltic Sea og Europe (og EØS-midlar) og utarbeider oversikt/prioritering over kva som er meste relevant for miljøa i S&Fj
- 1.2 Etablere oversikt/kalendar med utlysingar i 2016 / 2017, og vurdere kva som kan vere muleg i høve til interessentar, personkapasitet og sum av ulike utlysingar og tidsrom
- 1.3 Planlegge og gjennomføre motivasjons- og informasjonsaktivitetar saman med aktuelle partnerar som FK, FM, NHO, etc
- 1.4 Vedlikehalde oversikten og revidere 2 gonger pr år

Delaktivitet 2:

Etablere oversikt over relevante nettverk og plattformer for samarbeid om søknader

- 2.1 Utfrå tilrådingane i 1.1 og 1.2 lage oversikt over eksisterande nettverk og samarbeidspartnerar som er relevante for dei aktuelle utlysingane
- 2.2. Utfrå tilrådingane i 1.1 og nettverket i 2.1 spesifiserer og finne supplerande partnerar både i S&Fj og i EU/EØS som kan vere aktuelle partnerar i nye prosjekt
- 2.3 Utfrå prioriteringane ovanfor delta på informasjonsmøte og partnersøkmøte etter behov i Horizon 2020 og Interreg-programma
- 2.4 Delta i EU-nettverk med både institutt og UH-sektoren og lokale nettverk
- 2.5 Etablere rutiner for å vedlikehalde kontakt med og dialog med aktuelle partnerar

Delaktivitet 3:

Vidareutvikle og dokumentere kunnskap om søknadsprosessar som støtte til aktuelle fagpersonar som skal i gang med EU-søknader

- 3.1 Kunnskap om program og krav til søknadar
- 3.2 Kunnskap om finansielle og administrative krav
- 3.3 Kunnskap om generiske modular som
 - o prosjektleiing og koordinering
 - o formidling
 - o resultatutnytting
 - o relevans & effektar
 - o evaluering

- 3.4 Halde oversikt over støtteordningar for prosjektutvikling frå Forskingsrådet

Delaktivitet 4:

Initiere / kople på søknadsprosessar utfrå resultatata ovanfor

- 4.1 Bidra i søknadsarbeidet med utvikling av prosjektide for ulike partnersøkeprosessar
- 4.2 Søke aktivt etter prosjektpartnerskap som har tilsvarande prioriteringar
- 4.3 Støtte aktuelle fagpersonar i eit første sett av prosjektutviklingsprosessar»

1. Kostnads- og finansieringsplan

| Kalkyle: | år 0 | år 1 | år 2 | år 3 |
|-------------------------|-------------|---------------|---------------|---------------|
| Sum arbeid (månadsværk) | 1 | 12 | 12 | 12 |
| Møtekostnader | | 30' | 40' | 40' |
| Reiser | | 100' | 120' | 120' |
| Diverse | | 10' | 10' | 10' |
| Sum utlegg | | 140' | 170' | 170' |
| Sum totalt | 120' | 1.340' | 1.370' | 1.370' |

Forskingsmiljøet ber om at kalkylen vert justert i samsvar med faktisk oppstartspunkt. Dette vil ikkje føre til endring i budsjettet. I juni 2016 informerer også Vestlandsforsking oss om at dei har lukkast i å engasjere ein EU-seniorrådgjevar/forskar med bakgrunn frå EU-kommisjonen som startar i arbeid 1. juli 2016. «Denne personen vil styrkje oss vesentleg både kompetansemessig og i kapasitet til å følgje opp interessante og relevante initiativ i Sogn og Fjordane», skriv Vestlandsforsking.

Finansieringsplan:

| | | | |
|-----------------------|----|------------------|---------|
| Vedteke i 2015 | | kr | 600.000 |
| Søknad i 2016 | kr | 2.500.000 | |
| Eigeninnsats VF + HSF | kr | <u>1.100.000</u> | |
| Total finansiering | kr | 4.200.000 | |

9.3 Vurdering

Det vart gitt eit politisk signal i sak 49/15 om at fylkeskommunen ønskjer medverke til at forskingsmiljøet i Sogn og Fjordane vert betre i stand til å delta i internasjonale prosjekt. Vestlandsforsking har vore aktive og kunnige aktørar i internasjonal prosjektaktivitet. Eit føremål er å vidareutvikle denne styrken samstundes som Høgskulen i Sogn og Fjordane vert trekt aktivt med. Det vil telje positivt for forskingsmiljøet i Sogn og Fjordane å dokumentere deltaking i Horisont 2020. «Nålauget er lite». Av heile søknadsmassen er det 14% som lukkast i å oppnå finansiering i verdas største forskings- og innovasjonsprogram. Innsatsen er likevel ikkje bortkasta sidan mange søkjarmiljø kan revidere ambisjonane og oppnå nasjonal finansiering.

Forskning og utvikling er prioritert del av satsinga kunnskap i verdiskapingsplanen. I vårt samarbeid med Noregs forskingsråd er det ein tydeleg ambisjon frå forskingsrådet at fylka ikkje berre tenkjer Regionalt Forskingsfond og Skattefunn, men også medverkar til å bruke nasjonale og europeiske forskingsprogram for å legge til rette for næringsutvikling.

I avtalen vert både Interreg-programma, EØS-midlane og Horisont 2020 nemnt som program forskingsmiljøet ønskjer å nytte. Fylkesdirektøren vil ikkje setje grenser, men vil i tilsegnsbrevet understreke at forskings og innovasjonsprogrammet Horisont 2020 må ha klar prioritet.

Det tidlegare forskingsprogrammet i EU har i denne programperioden vorte utvikla til eit forskings og innovasjonsprogram. Denne endringa har mellom anna ført til at forskinga tydlegare enn før skal medverke til å løyse samfunnsutfordringar (utlysingar innan «societal challenges») eller utvikle innovasjon i bedrifter (utlysingar innan «innovation in SMEs»). Forskarane må såleis ha med seg offentlege samfunnsaktørar og/eller bedrifter. Fylkesdirektøren vil derfor understreke at fylkeskommunen og fylkespartnarskapen må ta ei aktiv rolle som partnerar når søknader gjeld utlysing innan «samfunnsutfordringar». Høgskulen i Sogn og Fjordane og Vestlandsforsking er forskingsmiljø i små tette samfunn. Det er viktig at vi forstår å utnytte den konkurranseføremona dette gir våre miljø samanlikna med dei tunge institusjonane i meir uoversiktlege metropolar. Ei god og tydeleg rolle for samfunnsaktørar som fylkeskommunen, god og nyskapande FoU-innhald i samsvar med behov prioritert i strategiske planar og dokumentert interesse i form av medverknad og delfinansiering, er viktige kriterium for å lukkast.

Budsjettet for 2016-avtalen er i overkant av kva vi har sett av midlar til. Fylkesdirektøren har hatt ein dialog med forskingsmiljøet og har føreslått følgjande: Både Høgskulen i Sogn og Fjordane og Sogn og Fjordane fylkeskommune har gåande prosessar om samanslåing. I skrivande stund er utfallet av desse prosessane ikkje avklara. Gitt at forskingsmiljøa vil bruke avtalen til å arbeide med å fremje søknad(er) som er strategisk viktige for å posisjonere forvaltnings- og forskingsmiljøet i fylket, så vil fylkesdirektøren tilrå finansiering som omsøkt. Fylkesdirektøren spesifiserer ikkje her nærare kva temaet bør vere. Poenget er at samfunnsutfordringa er viktig for fylket og at temaet er eit attraktivt arbeidsfelt både for forskingsmiljøet og fylkeskommunen.

Denne føringa gjeld deler av aktivitet 3 og aktivitet 4; jfr omtalen av aktivitet ovanfor.

Tilbakemeldinga frå forskingsmiljøet på dette framlegget er formulert slik i e-post 6. juni:

«Forskingsmiljøa er positive til føringane som er foreslått for delar av aktivitet 3 og 4 om å nytte avtalen til å fremje søknader som er strategisk viktige for å posisjonere forvaltnings- og forskingsmiljøet i fylket. Vidare at ein skal arbeide med samfunnsutfordringar som er viktig for fylket og innanfor tema som attraktive arbeidsfelt både for forskingsmiljøa og fylkeskommunen».

Saka er resultat av forhandlingar mellom fylkeskommunen og dei to forskingsmiljøa. Det er såleis naturleg at fylkesdirektøren tilrår finansiering som føresett i finansieringsplanen.

Gitt positivt vedtak i hovudutvalet, vil fylkesdirektøren i tilsegnsbrevet tilpasse budsjettet til faktisk oppstartstidspunkt. Fylkesdirektøren vil i tilsegnsbrevet formulere inn føringane som er omtala i saksutgreiinga ovanfor.

9.4 Tilråding

Hovudutval for næring og kultur løyver kr 2.500.000 til «Utviklingsavtale 2016 mellom Høgskulen i Sogn og Fjordane – Vestlandsforskning – Sogn og Fjordane fylkeskommune. Tema internasjonalisering». Inklusiv løyvinga i 2015 gir dette i sum kr 3.100.000 i støtte til dei to forskingsmiljøa over ein 3-årsperiode og med føremål å styrke institusjonane som aktive deltakarar i internasjonale program på tema som er viktige for regional utvikling i fylket. Løyvinga er klart tidsavgrensa. Løyvinga på kr 2.500.000 vert henta frå midlar sett av i 2016 på tenestoområde 7018 Kunnskap.

10. Søknad om tilskot til Barnas Matfestival 2016

(Sakshandsamar: Jo-Andreas Meisfjordskar)

10.1 Bakgrunn for saka

4H Sogn og Fjordane søker om 70 000 kroner til Barnas matfestival 2016. Barnas Matfestival blir organisert av 4H Sogn og Fjordane. I 2015 hadde 4H eit samarbeid med Sogn Jord- og Hagebruksskule og Sogndal vidaregåande skule, knytt til økologisk workshop og gjennomføring av Barnas Matfestival under Matamål. Matamål er ein årleg matfestival som blir arrangert siste helga i september i Gloppen. Basert på desse erfaringane ønskjer dei å gjenta prosjektet no i 2016, og gjere det til ein fast aktivitet.

10.2 Kort om søknaden

Målgruppa for prosjektet er elvar ved restaurant- og matfaget, 4H-medlemmer i aldersgruppa 10 til 14 år og besøkande ved Matamål lokalmatfestival.

Hovudmål er å auke kunnskapen til elevane ved skulane og 4H-arane sin kunnskap om kortreist, berekraftig og økologisk mat og servere berekraftige rettar til publikum under Matamål Matfestival.

Målet vil oppnåast gjennom følgande resultatmål:

1. Elevar ved restaurant- og matfag ved Sogndal vgs. deltek på økologisk workshop i september. Dette vert leia av elevar ved Sogn Jord- og Hagebruksskule. Elevane vil då lære om maten sin veg frå jord til bord.
2. Elevane ved restaurant- og matfag ved Sogndal vgs. deltek på bedriftsbesøk, set saman ein «berekraftig meny» og førebur og instruerer under matkurs for 20-30 4H-arar i alderen 10 til 14 år.
3. 4H-medlemmer og vaksne frå 4H-klubbar i Gloppen driftar Barnas Matfestival under Matamål laurdag 24. September, saman med elevar ved restaurant- og matfag ved Sogndal vgs. På Barnas Matfestival kan publikum kjøpe ulike rettar og sunt snop, og delta på forskjellige aktivitetar.

10.3 Kostnads- og finansieringsplan

| Budsjettpost | 2016 | 2017 | 2018 | 2019 | 2020 | SUM |
|---|----------------|-------------|-------------|-------------|-------------|----------------|
| Diverse utgifter | 10 000 | | | | | 10 000 |
| Eigeninnsats /dugnad 4H | 10 000 | | | | | 10 000 |
| Løn Prosjektleder | 30 000 | | | | | 30 000 |
| Løn, ekstraarbeid, lærarar | 10 000 | | | | | 10 000 |
| Mat, overnatting, transport | 10 000 | | | | | 10 000 |
| Råvarer, leige og div. til kurs og festival | 10 000 | | | | | 10 000 |
| Standleige med utstyr | 10 000 | | | | | 10 000 |
| Workshop Gloppen | 5 000 | | | | | 5 000 |
| Workshop Sogn Jord- og Hagebruksskule | 5 000 | | | | | 5 000 |
| SUM kostnader | 100 000 | | | | | 100 000 |

| Finansieringspost | 2016 | 2017 | 2018 | 2019 | 2020 | SUM |
|--|----------------|-------------|-------------|-------------|-------------|----------------|
| Tilskot til nærings- og samfunnsutvikling 2016 | 70 000 | | | | | 70 000 |
| Støtte til stand og utstyr, Matamål | 10 000 | | | | | 10 000 |
| Eigeninnsats 4H | 20 000 | | | | | 20 000 |
| SUM finansiering | 100 000 | | | | | 100 000 |

10.4 Vurdering

Barnas matfestival har vore eit godt tilskot til Matamål og involverer nye målgrupper i tankegangen rundt økologisk landbruk og kosthald. Det vert vurdert som eit godt tiltak at 4H her har eit prosjekt som tar sikte på å ta i bruk fleire aktørar gjennom workshop, bedriftsbesøk og kurs. Såleis kan det også skape grobottn på eit framtidig nettverk av personar med utdanning innanfor restaurant- og matfag, som er innført i økologisk landbruk og kosthald. Her nemner vi spesielt maten sin veg frå jord til bord, som kan skape positive ringverknader for jordbruket i Sogn og Fjordane. Dette kan gjere det meir aktuelt for framtidige kokkar å bruke lokal, økologisk og kortreiste ingrediensar i matproduksjonen. Dette kan gjere tematikken meir aktuell hos bedriftene også.

10.5 Tilråding

Fylkesdirektøren for næring og kultur rår hovudutval for næring og kultur til å støtte 4H Sogn og Fjordane med 70 000 kroner til arrangementet Barnas Matfestival. Tilskotet vert dekket over budsjett 2016, tenesteområde 70146 landbruk.

11. Søknad om finansiering til etablering av Economusee i Balestrand

(Sakshandsamar: Ingeborg Lysne Mcevoy)

11.1 Bakgrunn for saka

Prosjektet vil etablere eit nytt Economusee i Balestrand samt styrke infrastrukturen kring handversbedrifta med omsyn til kommersiell kompetans, rekruttering, innovasjon, nettverk og utvikling av fullstendige verdikjeder. Dette vil skje i eit samarbeid med Innovasjon Norge, NCE Tourism Fjord Norge og internasjonale partnarar og bedrifter. Det vert utvikla ei rekkje nye tenester innafor ramma av dette EU prosjektet, blant anna ungdomsutplasseringar, blå økonomi og lokalsamfunnsutvikling.

I Sogn og Fjordane har vi eitt Economusee frå før, Aurlandsskoen i Aurland fekk status som Economusee i 2009. Eit Economusee er ikkje eit museum i vanleg forstand, men ei levande handverkarbedrift der ein i tillegg til å produsere og selje tradisjonelle handverksprodukt legg til rette for ei reiselivsoppleving. Dette vert gjort ved at handverkstradisjonane og den historiske samanhengen vert synleggjort og opna opp for dei besøkande, i tillegg til å selje produkta. Ei Economusee- verksemd får ein ekstra arena for omsetjing av sine produkt direkte til kjøpar gjennom utvikling av nye formidlingsverky og kompetanse.

Det er etablert 10 Economusee i Hordaland, Rogaland og Sogn og Fjordane og til saman 32 i den nordatlantiske samarbeidsregionen sidan 2008. I det nye EU prosjektet er det ein målsetnad om å etablere ytterlegare 22 Economusee i løpet av 2017. 5 av desse skal etablerast på Vestlandet. Ciderhuset i Balestrand vil vere det tredje nye Economuseet på Vestlandet som det no vert søkt om støtte til.

11.2 Kort om søknaden

Craft Reach prosjektet har som mål å utvikle Ciderhuset i Balestrand som eit nytt Economusee i 2016. Utviklinga av Ciderhuset vil føre til auka innovasjon, realisering av potensiale for lønnsemd og betre konkurransekraft for både deltakarbedrifter og relaterte næringar som til dømes reiselivsnæringa elles i Balestrand. Prosjektet vil også støtte oppunder målsetninga om å skape fleire innovative næringsmiljø gjennom utvikling av ei klynge av Economusee- bedrifter på Vestlandet med Ciderhuset som deltakarbedrift. Klynga har stort vekstpotensial som gjev grunnlag for sikring av arbeidsplassar i dei eksisterande verksemdene på Vestlandet.

Norges Vel har eit nasjonalt fokus og ønskjer å utvikle nye bærekraftige Economusee verksemdar i kystfylka våre, frå Rogaland til Nordland. Dei bedriftene som blir med, vil få ein ekstra arena for omsetnad av sine produkt direkte til kjøpar, og eit økt økonomisk grunnlag for vidareføring av handverkskunnskapen. Eit Economusee får erfaringsmessig auka besøk og auka verdiskaping med fleire nye arbeidsplassar. Den nasjonale satsinga på reiselivet i Fjord-Norge, NCE-Norwegian Centre of Expertise har blant anna godkjent Economusea som eit opplevingsnettverk og kulturformidlingstiltak for reiselivet på Vestlandet. Etableringa av ei Economusee verksemd har utgangspunkt i utveljinga av relevante bedrifter som tilfredsstillar dei internasjonale kriteria og som har eigne motiv for å kunne bli omforma til eit attraktivt opplevingssenter.

Til bedriftene leverer prosjektet faglege råd og ein heilskapleg 6-trinns utstillingsmodell for besøkande, frå resepsjon, verkstad, formidlingsdel, innovasjon og nyskappingsrom, til dokumentasjon/bibliotek og butikk. Prosjektet blir gjennomført i tråd med dei ordinære krava til statsstøtte, innkjøp og EU sine krav til prosjekt og revisjonar. Eventuelle bygningsmessige krav og andre investeringar er bedrifta sitt eige ansvar.

Kostnadsplan

| Tittel | 2016 | 2017 | 2018 | 2019 | 2020 | SUM |
|--|------------------|------|------|------|------|------------------|
| Administrasjonutgifter/revisjon | 100 000 | | | | | 100 000 |
| Andre utgifter | 350 000 | | | | | 350 000 |
| Honorar/lønn andre tekniske fagfolk | 125 000 | | | | | 125 000 |
| Honorar/lønn kunstnarar/design/fagfolk | 425 000 | | | | | 425 000 |
| Produksjonskostnader/materialer/PR/markedsføring | 100 000 | | | | | 100 000 |
| Reise/diett/opphold/møtekostnader | 100 000 | | | | | 100 000 |
| Sum kostnad | 1 200 000 | | | | | 1 200 000 |

Finansieringsplan

| Tittel | 2016 | 2017 | 2018 | 2019 | 2020 | SUM |
|--|------------------|------|------|------|------|------------------|
| Egeninnsats Ciderhuset | 350 000 | | | | | 350 000 |
| Eigeninnstast Norges Vel | 250 000 | | | | | 250 000 |
| EU tilskott Craft Reach | 250 000 | | | | | 250 000 |
| Tilskot til nærings- og samfunnsutvikling 2016 | 350 000 | | | | | 350 000 |
| Sum finansiering | 1 200 000 | | | | | 1 200 000 |

11.3 Vurdering og konsekvensar

Etablering av Economusee er eit positivt tiltak med tanke på næringsutvikling og lokalsamfunnsutvikling. Omlegginga til eit Economusee er med på å ta vare på handtverk og kulturhistorie og gjev ei bedrift eit internasjonalt nettverk. Slik fylkesdirektøren vurderer søknaden er det ingen tvil om at Ciderhuset passar godt til ein slik transformasjon og vonar at tiltaket kan vere med på å styrke bedrifta si posisjon i reiselivet med både servering og besøkstilbod.

I handsaminga av søknaden har sakshandsamar vore i kontakt med Innovasjon Norge for å få deira vurdering av søknaden då dette kan tolkast som ein søknad om tilskot til bedriftsutvikling. Tor Holsen er kundeansvarleg for Ciderhuset som har mottatt tilskot frå Innovasjon Norge. I ein epost til sakshandsamar datert 09.05.2016 skriv Tor Holsen:

Eg har saksa litt frå eit notat årsrapporten frå Ciderhuset i høve Vekstprosjektet, 2016 er det 3. og siste året i prosjektperioden.

«Vi har bestemt å overdra den delen av verksemda som gjeld produksjon av alkoholhaldige drikkevarer til Balholm AS gjennom ei kapitalutviding der Ciderhuset sin andel går inn som tinginnskot. Vi oppnår dermed ca 87 % eigardel og har såleis absolutt fleirtal i generalforsamling og styre.

Det arbeidet som då står att i 2016 for dette prosjektet i Vekstfinansieringa, vil såleis vera å utvikla opplevingsdelen i Ciderhuset med servering, kulturaktivitetar og eigen butikk. Vi har hatt møte og ei første planleggingsøkt med fagfolka som er engasjerte i Economusee-satsinga i Noreg. Dei må først gjere ferdig arbeidet med Oleana og ein annan kandidat før dei for alvor tek fatt på eit felles utviklingsarbeid saman med oss. Vi ser føre oss å gå i gang no våren 2016 med praktisk tilrettelegging for ny butikk som kan opne denne sommaren.

Ciderhuset blir såleis Balholm-produkta sitt utstillingsvindaug og vil reindyrka sin

profil som **opplevingsattraksjon og profesjonell Ekonomuseums-bedrift** med formidling om cider og frukt i Sogn, utstillingar, gardsbutikk og restaurant. <http://www.economusee.eu>. Dette vil bringe oss inn i eit norsk og internasjonalt nettverk – der vi særleg har voner til å lære av ciderprodusentar i andre land»

Og som de ser er det frå bedrifta si side skissert ei glidning/overgang til arbeidet med å utvikle Ciderhuset til ei Ecomusee-bedrift. Vekst-løyvinga er ikkje slutt-utbetalt endå og det vil vere naturleg å sjå siste del av utviklingsaktivitetane i vekstprosjektet i samheng med initiativet som er teke for å utvikle Ciderhuset til ei Ecomusee-bedrift.

I etterkant av dette har sakshandsamar og Tor Holsen deltatt på telefonmøte med Norges Vel der ein representant frå Hordaland fylkeskommune deltok for å seie noko om korleis Hordaland har vurdert søknadar om transformasjon til Economusee.

Fylkesdirektøren har tatt søknad og informasjon som har kome inn i etterkant av at søknaden vart sendt inn til vurdering. Sjølv om det er element i søknaden som kan tale for støtte frå fylkeskommunen er graden av bedriftsutvikling for stor til å forsvare støtte utan at dette kjem i konflikt med prinsippet om samfinansiering.

Søknaden vert altså vurdert til å vere ein søknad om bedriftsutvikling. Her er det snakk om at ein konsulent kjem inn for å gjere ein jobb for bedrifta, det er altså ikkje bedrifta sjølv som søkjer. Arbeidet som skal utførast er like fullt for å utvikle bedrifta. Såleis er dette ein søknad som Innovasjon Norge må vurdere for tilskot.

11.4 Konklusjon

Fylkesdirektøren tilrår at søknaden frå Norges vel om finansiering til etablering av eit Economusee i Balestrand vert avslått

12. Søknad om finansiering av to korte kurs ved Mo og Øyrane vidaregåande skule

(Sakshandsamar: Ingeborg Lysne Mcevoy)

12.1 Bakgrunn for saka

Landbruks- og matdepartementet fordeler kvart år 20 millionar som skal gå til rekruttering og kompetanseutvikling i landbruket i fylka. Sogn og Fjordane har fått tildelt 1, 6 mill. kr. som skal fordelast på korte kurs og langsiktige prosjekt som skal auke rekruttering og kompetansehevande tiltak i landbruket.

Midlane vart lyst ut 1. april 2016 med søknadsfrist 15. mai for både korte kurs og langsiktige prosjekt. Frå tidligare har vi lyst ut meir midlar enn vi har hatt til rådighet og dette måtte dekkast med tilskotet som vi fekk i år. Difor har vi 1 583 878 kr. for tildeling til prosjekt og korte kurs. I alt kom det inn søknadar med samla søknadssum på 1 913 400 kr. Dette betyr at vi er nøydde til å gjere ei prioritering av kven som skal få tilskot i år.

Mo og Øyrane har levert søknad på sju korte kurs og to langsiktige prosjekt, blant anna agronomutdanning som vert finansiert med desse midlane slik det kjem fram i «Plan for rekruttering og kompetanseheving i landbruket i Sogn og Fjordane 2016». Fire av kursa og begge dei langsiktige prosjekta har fått støtte.

12.2. Kort om søknadane

To av dei korte kursa som ikkje har fått støtte er «Grunnleggande kurs i arbeidsmiljø, ansvar og konsekvensar» og «Masseforflyttingsmaskin». Kursa er viktige, men nådde ikkje opp i prioriteringa av søknadane.

Grunnleggande kurs i arbeidsmiljø, ansvar og konsekvensar

Dette er eit grunnleggande kurs (Modul 1.1) som er obligatorisk for alle som skal ta kursbevis for truck og masseforflyttingsmaskin. Kursinnhaldet er knytt opp mot regelverk for sikker bruk av arbeidsutstyr, lover og forskrifter. Kurset varar 1 dag. Kurset er ope for 12 deltakarar og kursavgifta er 1200 kr. per deltakar.

Masseforflyttingsmaskin

Dette kurset er for dei som brukar kompaktlastar eller liknande til fôrutlegging i større driftsbygningar. Kravet i dag er at maskiner over 15 kW er underlagt same krav til sjåføren som det å køyre gravemaskin, hjullastar, doser, truck eller dumper. Difor tilbyr Mo og Øyrande vidaregåande skule eit 24 timars kurs i Masseforflyttingsmaskin (Modul 1.2) frå hausten av. Kurset vil bli arrangert som helgekurs over to helgar. Kurset vert avslutta med evaluering og deltakarane får tilsendt kursbevis frå «Sentralregistrert for Sikkerhetsopplæring (SFS)». Kurset er ope for 12 deltakarar og kursavgifta er 3600 kr. per deltakar.

Kostnads- og finansieringsplan for kurset Grunnleggande kurs i arbeidsmiljø, ansvar og konsekvensar

| Budsjett og finansieringsplan | | | | | |
|--------------------------------------|---------------|----------------------|------|-----------------|------------------|
| Pedagogiske kostnader | Timar | Timepris | | Utgifter | Inntekter |
| Lønn forelesar 1 | 8 | 1000 | 8000 | | |
| Lønn kursleiar | 8 | 800 | 6400 | | |
| Reise og opphald foredragshaldar | | | 0 | | |
| Lære og undervisningsmaterieill | | | 5000 | | |
| Anna | | | | | |
| Sum ped. Kostnader | | | | 19400 | |
| Deltakeravgift | Antall | Pris pr. stk. | | | |
| Løye av lokale | | | 600 | | |
| Opphaldsutgifter | 0 | 0 | 0 | | |
| Servering kursdeltakar | 12 | 350 | 4200 | | |
| Anna | | | 0 | | |
| Sum deltakarkostnader | | | | 4800 | |
| Administrasjonskostnader | | | | | |
| Annonсар | | | 6000 | | |
| Telefon, porto, kopiering | | | 600 | | |
| Driftskostnader | | | 1200 | | |
| Sum adm. Kostnader | | | | 7800 | |
| Finansiering | | | | | |
| Kursavgift | 12 | 1200 | | | 14400 |
| Tilskudd | | | | | 17600 |
| Sum budsjett | | | | 32000 | 32000 |

Kostnads- og finansieringsplan for kurset Masseforflyttingsmaskin

| Budsjett og finansieringsplan | | | | | |
|--------------------------------------|---------------|----------------------|--|-----------------|------------------|
| Pedagogiske kostnader | Timar | Timepris | | Utgifter | Inntekter |
| Lønn forelesar | 24 | 1000 | | 24000 | |
| Lønn kursleiar | 24 | 800 | | 19200 | |
| Reise og opphald foredragshaldar | | | | 0 | |
| Lære og undervisningsmateriell | | | | 4000 | |
| Anna | | | | | |
| Sum ped. Kostnader | | | | 47200 | |
| Deltakeravgift | Antall | Pris pr. stk. | | | |
| Leige av lokale | | | | 2000 | |
| Opphaldsutgifter | 0 | 0 | | 0 | |
| Serivering kursdeltakar | 12 | 800 | | 9600 | |
| Anna | | | | 0 | |
| Sum deltakarkostnader | | | | 11600 | |
| Administrasjonskostnader | | | | | |
| Annonсар | | | | 6000 | |
| Telefon, porto, kopiering | | | | 600 | |
| Driftskostnader | | | | 1200 | |
| Sum adm. Kostnader | | | | 7800 | |
| Finansiering | | | | | |
| Kursavgift | 12 | 3600 | | | 43200 |
| Tilskudd | | | | | 23400 |
| Sum budsjett | | | | 66600 | 66600 |

12.3 Vurdering og konsekvensar

Det er gjort endringar i nasjonale retningslinjer som gjer at båsfjøs til kyr ikkje lengre vil vere lovleg frå 2024. Dette gjer at bøndene må leggje om til lausdriftsfjøs for å kunne fortsette mjølkeproduksjonen i tråd med dei nye krava. Dette stiller også nye krav til bonden sin kompetanse for å kunne drifte ein lausdriftsfjøs, for eksempel må bonden ha kurs for å kunne legge ut fôr til dyra. Mo og Øyrane tilbyr dette i to kurs som heng saman ved at ein må ha det eine godkjent for å kunne gå vidare med neste. Fylkesdirektøren ser det som positivt at vi får inn fleire søknadar enn det vi kan støtte, men det er viktig at vi er med å støttar ut over desse midlane om vi ser det som naudsynt. Kurser bør støttast for å kunne i møtekomme krava om lausdriftsfjøs. Tilskotet kan dekkast med midlar sett av til næringsretta tiltak i landbruket.

12.4 Tilråding

Fylkesdirektøren for næring og kultur rår hovudutvalet for næring og kultur at søknad om at kurset «Grunnleggande kurs i arbeidsmiljø, ansvar og konsekvensar» vert støtta med 17 600 kr. og at søknad om støtte til kurset «Masseforflyttingsmaskin» vert støtta med 23 400 kr.

[... Sett inn saksutredningen over denne linja ↑](#)